

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



SØNDAG 12. JUNI: SJØVEIS KYRKJEREIS TIL FEDJE

Ei vakker sjøreise med 4 fjordabåtar frå Bergen, Osterfjorden og Solund til Fedje i havgapet.

M/S ATLØY og M/S VESTGAR frå Holbergkaien, Bergen 07:45, Salhus, Frekhaug 08:45, Flatøy Aust 09:00, Tveitenkaien i Alverstraumen 09:20, Feste 10:00, Lygra, Valdernesnes 10:30, Hoplandssjøen 11,15. (Atløy-passasjerar returnerer med Granvin)

D/S OSTER frå Ostereidet 07:00, Hamre 08:00, Knarvik 08:30, Manger 09:45.

M/S GRANVIN frå Hardbakke 08:00, Sollibotn 09:00, Skjerjehamn 09:30, Mjømna 10:00, Sævrøy 11:15. (Granvin-passasjerar returnerar med Atløy)


Felles ankomst Fedje 11:45 / Gudstjeneste 12:00 – 13:00 / Retur 15:30.

Kyrjekaffe, sal av mat og drikke om bord og i land / Guiding om Fedje.

Takstar t/r: Bergen, Ostereidet, kr. 600.-

Salhus, Frekhaug, Flatøy Aust, Hamre, Knarvik, Hardbakke, Sollibotn kr. 500.-,
Tveitenkaien, Manger, Feste, Lygra, Valdernesnes, Skjerjehamn, Mjømna kr. 400.-,
Hoplandssjøen, Sævrøy kr. 200.-. / Barn 4 – 16 år ½ pris


Billettsal: www.ticketco.no – 12. juni / Kyrkjeferd - ved ombordstigning.



DEN NORSKE KYRKJA

www.kystkultur.no

Kyrkjebakken nr 05 – 2022 – mai nummeret – 51 årgang – nytt stoff innan 18.aug



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjevevjerje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	906 95 377
Kyrkjevevjerje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside,
facebook og plakat for
eventuelle endringar.

Torsdag 26.mai kl. 13.30
Familiedag ved kyrkjelydshuset.
Avsluttast framfor kyrkja.

Søndag 29.mai kl. 12.00
Konfirmasjon i Austrheimkyrkja

Onsdag 01.juni kl. 11.00
Bygdetreff

Søndag 05.juni – 1.pinsedag
Gudsteneste kl. 11.00

Fredag 10.juni
Gudsteneste for alle kl. 18.00

Søndag 12.juni – Sjøveis Kyrkjereis.
Gudsteneste Fedje kl. 12.00

Søndag 31.juli
Gudsteneste i Austrheimkyrkja kl. 11.00

Søndag 14.aug
Gudsteneste i Årevikane
kl. 16.00, Fønnesdagane

Til ei utolmodig tid

«Om ei lita stund ser de meg ikkje lenger,
og om ei lita stund att skal de få sjå meg...»,
seier Jesus i ein av tekstane no i påsketida.
«...ei lita stund.....» Av og til tek eg meg i det
når eg uttalar orda: **“eg har ikkje tid til.....”**
For det er ikkje rett at me ikkje har tid. Saka
er at me, gjerne utan heilt medviten
prioritering, fyller dagane våre med så alt for
mange gjeremål og avtalar. Eigentleg har me
masser av tid.

Per Oddvar Hildre, dirigenten for koret
SKRUK, fortel om sitt møte med musikarar
frå Andesfjella då desse kom så seint til ein
avtale at dei held på å missa ein flyavgang.
Han sa til dei omtrent slik: **“No held tida
på å gå i frå oss”**. Svaret deira har vorte ein
klassikar: **“Nei, du tek feil, travle nordmann.
Tida går ikkje frå oss, den kjem imot oss.”**
Det er rart korleis berre det å vri litt på
perspektivet plutselig kan få oss til å stoppa
opp.

Eg er overtydd om at perspektivet frå
fjellfolket er mykje meir i tråd med Guds
perspektiv: Gud har det aldri travelt.

Britt Hallqvist seier i ein nyare salme.
Gud har jo tid.
Evighet har
Gud, og han lytter stille.
Han gjør meg glad
når jeg er redd,
når jeg har stelt meg ille.

Og her vert det bragt inn eit anna moment
som og har med denne vår mangel på
tolsemnd å gjera: **“når jeg er redd”**. Redsla for
å setja seg ned og stille reflektera over livet
vert ofte erstatta med lyd og hektisk aktivitet.
Jesus talar og om redsle i denne teksten, men
at den skal vendast til glede.
Denne gleda er grunnlagt i nettopp det at
æva no er planta inn i vår tid.
Og det betyr at midt i det som er vanskeleg
og sårt, får me leva med ei tru på at Gud ikkje
berre er tilskodar til livet vårt, men at han bur
der, også der det skjer tunge og vonde ting;
han har tid for oss. For Gud kjenner liva våre
frå innsida, og han har t.o.m. smaka døden,
og gjort den om til liv for den som ynskjer å
ta imot det som ei kjærleiksgåve.

Ta med deg denne vakre bønna av Eivind
Skeie i ei konfirmantbok:

“Heilage Ande,
du som kviskrar
i menneskehjarto,
tal til meg
om kor høgt eg er elska
av Gud.
Sei lågt til meg
gjennom larmen
og støyen i livet mitt
at Jesus
er glad i meg
no og alltid.
Amen

Rune Minde

Min salme

Astrid Øksnes



Då Britt spurde meg om eg kunne tenke meg ein salme til «Min salme» i Kyrkjebakken, så kom «Mitt hjerte alltid vanker» heilt av seg sjølv. Den er den vakreste salmen eg veit. Trur på ein måte eg har vokse opp med den.

I Budalen var dette bestefar sin salme/song. Han brukte den ikkje berre som julesalme, men i mange andre høgtidstunder og. Det vart på denne måten, far min og mine onklar sin sang og. Og min! På heimplassen min var alle fedrene våre på sjøen mesteparten av året. Men på sommarstid fekk me vera med. Det vart mange timar i styrhuset då far min stod til rors. Men han song og lærte meg mange salmar og salmar. Vesleblakken og Rosen og sommerfuglen vart favorittar hugsar. eg. Som det er sagt før her i bladet, så var min generasjon nøydd til å pugge og lære salmeversa, og eg forbind gjerne salme/song med personar:

Som Navnet Jesus blekner aldri - det er søndagsskule og Ingeborg Hjertås, ein god og fin song. Og når eg høyrer - «Ein fin liten blome i skogen eg ser» så er det mi gode sviger/værmor, Ingeborg Øksnes som kjem i tankane mine. Men i dag er det: Mitt hjerte alltid vanker. Denne julesongen er skriven av den danske dikteren Hans-Adolph Brorson. Er frå 1732 og har ein nydeleg svensk folketone som melodi. Den rekna for den mest kjente og kjære julesalme som Brorson har skrive.

*Mitt hjerte alltid vanker
i Jesu føderom,
der samles mine tanker
som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme,
der har min tro sin skatt;
jeg kan deg aldri glemme,
velsignet julenatt!*

*Åkk, kom, jeg opp vil lukke
mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke:
Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei femmed bolig,
du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig
her i mitt hjerte svøpt.*

*Jeg gjerne palmegrene
vil om din krybbe strø,
for deg, for deg alene
jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne
sin rette gledes stund,
at du er født herinne
i hjertets dype grunn!*

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL

Filialen er open for publikum torsdagar

14 - 16.30.

Fonnes filial sine opningstider følger elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

*Følg oss gjerne
på facebook*

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 15.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret :
56162142/56162138»

FONNESDAGANE

12.-14.august 2022

"Dajen før dajen" Fredag 18-23.30



Revy med Lindås UL
Bryggjedans med HONEYTRAP



Sal av pizza og drikke




"Fonnesdajen" Laurdag 12-16

Underholdning og utstillinger,

båtar, motorar og dyr, marknads-bodar,
smaksprøvar og sal av mat & drikke,

Konsert med ANNE HVIDSTEN



"Familiedag i Årvika" Sundag 14-16

Varme grillar, ta med eigen grillmat.

Utegudsteneste med Rune Minde kl. 16



Billetter til revy/bryggjedans kjem for salg snart.
Følg med på [facebook.com/fonnesbygdelaag](https://www.facebook.com/fonnesbygdelaag) og
www.fonnesbygdelaag.no



Bygdetreff

Onsdag 01.juni kl. 11.00

Tema: "Bygdabåtane"
Historier frå tida med
livet på kaiane og bybesøk

Vi får besøk av
Ragna Sofie Grung Moe
frå bispekontoret og
Tor J. Bjørgås frå
Nordhordland veteranbåtlag



SOMMARFEST I DIAKONIEN

Torsdag 9.6. kl. 17 skipar Diakoninemnda
til sommarfest på kyrkjelydshuset.

Med oss den dagen vert austrheimingen Kjell Bergsvik.
Song og musikk ved Kurt Hatten.

Meny: Rømmegraut, spekemat, lefser og kaffi.

Pris: kr. 100 pr person.

Treng du hjelp på festen, må du også melda på følgje ditt.

Dei frå Nordliheimen som kjem og treng hjelp,
må ha med seg ein person.

Påmeldingsfrist: 5.6. til Britt Rebnord, tlf. 992 93 902.

Arr: Diakoninemnda i Austrheim kyrkjelyd
støtta av den kulturelle spaserstokken



Austrheim sokn

Gravlagde



- 29.04 Astrid Susanne Skoge, f.1925
- 06.05 Aksel Dagfinn Utkilen, f.1941
- 19.mai Kirsten Annlaug Gullaksen f.1938
- 24.mai Einar Langøy f.1950
- 25.mai Berit Larsen f.1944

Hjarteleg takk

til diakoninemnda for gåva eg fekk til 82 årsdagen min 29. april. Og takk til Tormod som kom med den og for den gode praten vi hadde.

Beste helsing Ole Lysø.

Open kyrkje i sommar

Torsdag til søndag i juli blir det open kyrkje i Austrheim med omvisning og informasjon om kyrkja. Opningstider er kl. 13 - 18.

Sjå egne oppslag ved kyrkja, Joker Austrheim og Mastrevik torg.

Meir informasjon på www.austrheimkyrkja.no og facebook.

Samarbeid mellom Austrheim sokn og Austrheim kyst og sogelag.

Hjarteleg takk

for all venleg deltaking, telefonar, blomsterhelsingar og gode ord ved vår kjære Helga Pedersen sin bortgang.

Stor takk til heimesjukepleien og lege Peter Kubon i alle dei åra ho trong hjelp mens ho budde heime.

Stor takk til personalet ved Nordliheimen for god omsorg og pleie i dei åra mor vår budde der.

Hjarteleg takk for pengegåva som kom inn til personalet ved Nordliheimen.

Takk og til Nordhordland Begravelsesbyrå, prest Rune Minde og Jostein Hauge for nydeleg sang.

Hardy, Kjell Håkon, Sigurd og Ellis m/familie



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



MARKERING AV FRIVILLIGHEITSÅRET 2022 LAURDAG 25. JUNI

I heile 2022 feirar me
FRIVILLIGHEITA
Noregs viktigaste lagarbeid

NORGES
FRIVILLIG
SENTRALEN
Sykkelturen
2022.no



• Sykkelturen 2022 - Fønnes-Årvika - kl. 11.00

- Norges Frivilligsentraler inviterer, i samarbeid med ei rekke andre organisasjonar, til ein sykkelstafett gjennom heile landet. Laurdag 25. juni går turen innom Austrheim, og syklistar frå ulike lag skal sykla med passasjerar i vogn frå Fønnes senter til Årvika.
- Me oppfordrar publikum til å sykla med, eller til å bli med på å laga liv langs ruta.
- Oppmøte v/Fønnes senter kl. 11.00.

- **Familiedag** med ulike aktivitetar i Årvika frå kl. 11.00.
- **Gratis servering** av kaffi, lappar og grillpølser.
- **Havgledeaktivitetar**

Dagen fortset med
jonsokfeiring, bål og grilling
i regi av Fønnes bygdelag.

meir info på
Fønnes bygdelag
sine fb-sider


Vardetangsløpet 2022

i regi av Fønnes bygdelag

- konkurranseløp med dame- og herreklasse kl.12.30
- barneløp 13.30
- mosjonsløp 13.30

meir info på
Fønnes bygdelag
sine fb-sider

Arrangør: Frivilligsentralen i samarbeid med Fønnes bygdelag, lag, organisasjonar og Austrheim kommune.



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM





GRATULERER MED DAGEN TIL VÅRE FLOTTE KONFIRMANTAR!!

Søndag 29.mai kjem den store dagen. Konfirmasjonen. Gjennom eit år har desse flotte ungdomane følgt konfirmasjonsundervisninga som vi har felles saman med Fedje. Det har vore mange gode stunder i kyrkja, kyrkjelydshuset og på Fedje. For mange var nok høgdepunktet leiren til Alværa. Der hadde vi ei flott helg saman. Du fekk kanskje besøk av ein konfirmant på døra med bøsse i april. Saman med andre frivillige samla dei inn over 50 000 kr til Kirkens nødhjelp sitt

arbeid i Ukraina og Malawi. Det var ein kjempebra innsats! Kjære konfirmantar. Tusen takk for eit flott år saman, og vi ønsker dykk Guds velsigning over livet.

Konfirmant 2023:
Snart kjem invitasjonane til neste års kull ut i posten, men påmeldinga er allerede opna på www.austrheimkyrkja.no under konfirmasjon.

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Årshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko



Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling
Gunnar Nilsen 414 39 887



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no


Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Selsøy 8.mai



Det var ei flott fredsmarkering på Selsøy 8.mai. Mellom 160 og 170 hadde møtt fram på denne dagen som på førehand var meldt at det skulle vere dårleg ver, men som Idar sa. Han hadde gitt Rune Minde eit oppdrag, og det var å sørge for solskinn. Presten gjorde som han fekk beskjed om.

Neptun seniorklubb har gjort eit enormt arbeid ved førebuing av denne dagen. Ikkje minst å få bautasteinen på plass. Her har det blitt lagt ned utruleg mange dugnadstimar, og me fekk vite kor velvillige dei forskjellige firmaene Neptun hadde nytta hadde stilt opp for å gjere det billegast mogleg. Det var deira bidrag. Neptun stilte som vanleg med båtskyss frå Langøy, noko som me set veldig stor pris på. Seniorskoret var med og framførte songar i to økter, med organist Jostein Hauge ved tangentane. I god ånd med

8.mai, så starta dei med «ein song om fred».

Gudstenesta var ved sokneprest Rune Minde. I tillegg til godt ver, så hadde han ei flott preike knytt opp mot nasjonalsongen vår. Heilt til å begynne med foreslo han at me kunne høyre på fuglekviser som kyrkjeklokker, men då han sa la oss vere stille for Gud, då stilna all fuglekviser i nokre sekundar. Heilt utruleg. Til slutt vågde dei seg fram på igjen og fuglesymfonien starta på nytt.

Simen og Thaline frå 9. klasse stilte opp på Selsøy denne søndagen for å framføre diktet «Til ungdomen». Ordførar Per Lerøy kom med helsing, og kommandør Åsmund Andersen heldt tale for dagen. Det viktigste av alt var avduking av bautasteinen. Det sytte den 100 år gamle krigsveteranen Nora Hauge og

nøvnen Helge Rongevær for. Far til Helge, broren til Nora, (Odd Rongevær) er ein av dei som er avbilda på bautaeen laga av Vebjørn Sand. Åsmund Andersen la ned krans der. Idar Hopland, leiar i Neptun, kan vera kry av det dei har fått til i dag. Me er svært takksame for alt arbeid Neptun har lagt ned på Selsøy, og at me har ein slik flott tradisjon med markering kvar 8.mai.

Bilder: Arve Kjell Uthaug og Jostein Hauge

Vardetangeløpet 25. juni 2022 & Jonsok feiring

11.30 Påmelding i Årvika (Kr. 50,- for mosjonsløp og voksenløp)

12.30 Voksenløp

13.30 Mosjons- og barneløp (barneløp 6-12 år) (Kr. 30,- for barneløp)

Premie til de 3 beste i kvinne- og herreklassen. Medalje til alle deltakerne i barneløpet. Fine premier trekkes på startnr. Salg av kaffe, boller og grillete pølser.

Ta med grillmat, varme grillar i Årvika

Alle løp er i samarbeid med AIL

16.00 Jonsokfeiring, Leker for barna Bålet tenes kl. 17 (dersom været tillater dette). Salg av kaffe, boller og grillete pølser.

FONNES BYGDELAG

TIL ET UNÅDD FOLK

Sammen som kirke i hele verden



Foto: Frode Brügger Sætre



Informasjon fra Mali

«Amadou» fra Mali hadde aldri møtt en kristen som snakket fulani. Så møtte han Frode Brügger Sætre. Sammen formidler de nå evangeliet til det unådde fulanifolket.

De siste årene har Frode Brügger Sætre vært den eneste norske misjonæren som har bodd fast i Mali. Arbeidet har i hovedtrekk gått ut på å gi bibelundervisning til både grupper og enkeltpersoner. Flere fulanier har blitt kristne. Også Frode fikk et lengre opphold i Norge på grunn av koronapandemien. I mellomtiden har sikkerhetssituasjonen i Mali gått fra vondt til verre. Nå er det vanskelig for en hvit nordmann å reise rundt og besøke fulanier. Men kanskje kan det nettopp i denne situasjonen vokse fram noe fint?

Kan Gud "åpne et vindu" i Guinea?

– Min nærmeste fulanivenn, som vi nå kan kalle «Amadou», har også opplevd å bli truet fordi han er blitt kristen, forteller Frode. Vi har en felles venn som dessverre har blitt radikal muslim. Amadou sier at han ikke sover like godt om natta lenger. Nå er vi i Guinea sammen, for å se om vi kan finne et sted der vi kan etablere oss, med hans familie og dyra våre. Vi håper å finne en «vert» som kan låne oss en stor tomt, der vi kan bygge gjestehytter og der Amadou og familien kan livnære seg av å selge melk. Så håper og tror vi at kristne fulanier vil komme til oss for å få undervisning og kristent fellesskap i kortere eller lengre perioder.

Nærvær

Misjon handler mye om relasjon og nærvær.

– Tenk på at Gud steg ned og ble som oss. Han gikk inn i en spesifikk virkelighet. Det er også misjonærens virkelighet – vi kan ikke bare være på besøk. Jeg opplever dette veldig riktig, forklarer Frode. – Som misjonær er det lett å ta rollen som den sterke, den som leder. Men nå er det jeg som går inn i Amadous verden, og han er den sterke.



Fulanifolket er et gjeterfolk. Dyra er levebrødet til "Amadou"
Foto: Stina Neergård.

Når jeg er med ut med kyrne våre, så er det jeg som er inkompetent. Det gjør noe med rollene våre at det ikke er de som skal komme inn i min verden. Jeg tror det er sånn vi må jobbe. Jeg tenker at hvis fulaniene skal ta imot Jesus så må det komme innenfra heller enn utenfra. Derfor var det sterkt for meg å komme tilbake til Mali etter et opphold i Norge og oppleve at Amadou har fått tre «disipler» som følger ham. Vi regner med at disse tre, sammen med noen av deres nære familie, vil være blant dem som kan komme og bo med oss her i Guinea.

Veien videre

Frode er takknemlig for alle som vil være med og be for veien videre i Guinea.

– Be om at ting må åpne seg på en god måte, dersom det er Guds vilje. Be om visdom til å forstå hvilke muligheter og kontakter og relasjoner vi skal ta tak i, og hva vi skal gi slipp på!



Foto: Øyvind Ulland Eriksen

Misjon er å være sammen. Misjon er å dele liv.

Vil du være med og dele troen på Jesus med fulanifolket?

Fokus på Mali på gudstenesta i Austrheimkyrkja 1.pinsedag kl. 11



Foto: Stina Neergård

ÅRÅS BEDEHUS

Mandag 6. juni, 2. pinsedag.
Formiddagsmøte kl 11:00
Christian Skoge talar.

Første møte etter
sommarferien vert søndag
4. september kl 11:00

Velkommen til samlingane!
www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

UTGIVINGSPLAN

NYTT STOFF KJEM UT:

INNAN:

18.aug	31.aug
15.sept	29.sept
13.okt	27.okt
17.nov	30.nov



Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?
No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på
fosterheim.no



Sommarkyrkja i Nordhordland prosti 2022

Austrheim

12.06 Sjøveis kyrkjereis
Fedje kl. 12:00
31.07 Austrheim kl.11:00
14.08 Fønnesdag kl.16:00
28.08 Austrheim kl.10:00
Lys vaken og konf.presentation
Open kyrkje i sommar.
Sjå www.austrheimkyrkja.no

Fedje

12.06 Sjøveis kyrkjereis
Fedje kl. 12:00
07.08 Fedje kl.11:00
Open kyrkje i sommar.
www.kyrkja.no/fedje

Gulen

26.06 Gulen kl.17:00
03.07 Mjømna kl.11:00
03.07 Brekke kl.16:00
17.07 Gulen kl.11:00
14.08 Gulen kl.11:00
21.08 Mjømna kl.11:00
28.08 Brekke kl.11:00

Knarvik

12.06 Bøkeskogen, Seim kl.11:00 Friluftsgudst.
19.06 Knarvik kl.11:00
26.06 Alversund kl.19:30
03.07 Knarvik kl.11:00
10.07 Seim kl.11:00
17.07 Knarvik kl.19:30
24.07 Knarvik kl.11:00
31.07 Alversund kl.19:30
07.08 Knarvik kl.11:00
14.08 Seim kl.11:00
21.08 Knarvik kl.11:00
Innsetjingsgudsteneste ny sokneprest
28.08 Alversund kl.11:00
28.08 Knarvik kl.18:00
Solidaritetsgudsteneste
Gjest: Lise Klaveness

Lindås

19.06 Hundvin kl.11:00
26.06 Hundvin kl.11:00
03.07 Myking kl.11:00
07.08 Lindås kl.11:00
10.08 Myking kl.19:00
21.08 Hundvin kl.19:00

Meland

12.06 Meland kl.11:00
19.06 Meland kl.11:00
Samtalegudsteneste
26.06 Meland kl.11:00
03.07 Meland kl.19:30
10.07 Meland kl.11:00
17.07 Meland kl.11:00
24.07 Meland kl.19:30
31.07 Meland kl.11:00
07.08 Meland kl.11:00
14.08 Meland kl.11:00
21.08 Meland kl.11:00
Løvegudst./Ranselbon kl.11:00
28.08 Holmeknappen Kystsogevekene

Masfjorden

12.06 Sandnes kl.11:00
19.06 Frøyset kl.11:00
03.07 Reknesskerjane kl.11:00 Friluftsg.
17.07 Solheim kl.16:00
29.07 Fjon Fjellkyrkje kl.19 Olsokgudst.
13.08 Sandnes kl.11:00
Konfirmasjons-gudsteneste (laurdag)
21.08 Stordalen fjellstøve kl.15:15 Friluftsgudsteneste, Bjørn West-marsjen
28.08 Frøyset kl.11:00
Konfirmantpresentation
28.08 Solheim kl.13:15
Konfirmantpresentation
28.08 Sandnes kl.16:00
Konfirmantpresentation

Mo

19.06 Mo kl.11:00
31.07 Mo kl.11:00
28.08 Mo kl.11:00

Osterfjorden

12.06 Ostereidet kl.11:00
26.06 Ostereidet kl.11:00
17.07 Ostereidet kl.14:00
07.08 Ostereidet kl.11:00
14.08 Hjelmås kl.11:00
21.08 Ostereidet kl.11:00

Radøy

12.06 Tjorehagen Friluftsg.
19.06 Manger kl.11:00
26.06 Hordabø kl.11:00
03.07 Emigrantkyrkja kl.11
17.07 Manger kl.11:00
31.07 Manger kl.11:00
07.08 Sæbø kl.11:00
14.08 Manger kl.11:00
21.08 Hordabø kl.11:00
28.08 Manger kl.11:00

Solund

19.06 Hersvik kl.11:00
26.06 Solund kl.11:00
10.07 Kirkjeneset, Losna kl.14:00
Friluftsgudsteneste
24.07 Indrevær bedehus kl.13:00
Familiegudsteneste
14.08 Solund kl.11:00
14.08 Hersvik kl.16:45
21.08 Husøy kl.12:00
28.08 Solund kl.16:00



Kultur og konsertar

04.-05.06 Gulen

Teaterforestillingane Jeanne d'Arc og Babettes Gjestebud på tingstaden og i Gulen kyrkje. www.gulatinget.no.

09.06 Knarvik kl.19:30

«Gjennom sorga går ein song.» Flygel/song: Ove Danielsen.

11.06 Manger kl.18:00 BØN FOR FRED

ved Lydia Hoen Tjore, sopran Rune Alver, piano. Ein kveld med franske, norske, russiske og ukrainske melodiar.

12.06 Knarvik kl.19:00

Konsert med Handbell Choirs of University Baptist Church, Minneapolis, Minnesota USA.

19.06 Lygra kyrkje kl. 19.00

Konsert med eit sommarleg og nasjonalromantisk preg. Kjersti Møllerup Wiik, sopran; Astrid Skodvin, sopran; Johanne Mjøs, hardingfele/fiolin og Frode Skag Storheim, klaver/miniforedrag om målaren Hans Dahl.

26.08 Knarvik kyrkje kl. 19:00 Maj Britt Andersen m/ orkester. Arr.: Musikkens Venner/Knarvikmila.

Olsok

29.07 Fjon Fjellkyrkje
Olsokstemne med rommegreaut og olsokbål. Gudsteneste ved Tone Marit Ø. Dyrkolbotn. Vertskap: Knarvik sokn

Solidaritetsgudsteneste

28.08 Knarvik kyrkje kl.18:00 I samarb. med Knarvikmila
Gjest: NFF President Lise Klaveness.



KYSTPILEGRIMSLEIA

Meir himmel på fjord

På kystkultur.no finn du informasjon om kystpilegrimsleia: Sjøveis kyrkjereis, friluftsgudstenester, vandringar, strandrydding og andre arrangement i samspel med lokale kulturaktørar.